

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST RHF

STAD: Lync/Møllendalsbakken 9, 5021 Bergen
MØTETIDSPUNKT: 29.09.2015 KL. 13:30 – 16:00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Maria Borch Helsingreen	Leiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

FORFALL FRA STYRET

Ingen

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Jannicke Daae Tønjum	Administrerande direktør
Berit Berntsen	HR og organisasjonssjef (referent)
Sidsel Rykken	Konstituert Fagdirektør (sak 44/15)

SAKLISTE**UNDERLAG****Ope del**

Sak	040/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	041/15	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 27.08.2015	Vedlagt
Sak	042/15	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	043/15	Møteplan og årsplan for styret 2016	Vedlagt
Sak	044/15	Status Prosjekt Verksemdsstyring	Vedlagt

Saker til orientering:

Sak	045/15	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt
-----	--------	---------------------------------	---------

Lukka del

Sak 046/15 og 047/15 var behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak	046/15	Rapportering frå verksemda per august 2015 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak	047/15	Rekruttering av ny administrerande direktør (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

.....

OPE DEL**Sak 040/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Ingen saker meldt til eventuelt.

Sak 041/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte 27.08.2015**Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 27.08.2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner og underteknar protokollen frå styremøte 27. august 2015.

Sak 042/15 Administrerande direktør si orientering**Oppsummering****1. Rapportering tilsynssaker**

*ingen nye saker

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

*ingen saker

3. Oversikt over aktuelle høyringar

*notat ligg ved

4. Budsjettprosess

Ein gikk kort igjennom status. Førebels budsjett vert handsama i styremøte i november, og endeleg budsjett vert vedteken i styremøte i desember.

5. Status bemanning

Administrerande Direktør går over i stilling som Administrerande Direktør i Helse Vest Innkjøp HF. Stilling som Fagdirektør er lyst ut med søknadsfrist etter haustferien.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek orienteringa til vitande.

Sak 043/15 Møteplan og årsplan for styret 2016

Oppsummering

I forslaget til årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2016 er det lagt opp til 8 styremøter. I første styremøte etter sommarferien (august) leggst opp til eit kort møte fokusert på rapport frå verksemda gjennom sumaren, medan det i oktober er lagt opp til eit styreseminar med hovudtema rundt strategi, avtaler og prisstrukturar.

I oversikten er det og lagt inn styreseminar for RHF-styret og HF-styra 29. februar – 1. mars 2016 i Stavanger (markert med lys lilla i Vedlegg 2 – Møtekalender 2016), kor heile styret er invitert til å delta. Denne samlinga starter med sosialt samvere og middag kvelden 29. februar. Der er og eit styreseminar 3. - 4. oktober . Her deltek berre Styreleiarar og AD.

I RHF-styremøte 3. oktober 2016 (markert med lys blå i Vedlegg 2 – Møtekalender 2016), kor SAV skal presentere sin aktivitet for RHF-styret, er det og berre Styreleiar og AD som deltek.

Styremøta er foreslått avhaldne vekslande mellom videokonferanse og fysiske møter i Bergen. Administrasjonen vil etter vedtak av møteplanen omgåande sende ut Outlook-invitasjon til styremøta i 2016.

Møteplanen vil bli grunnlag for utarbeiding av interne møteplanar for SAV leiarmøter.

Vedtak (samrøystes)

Styret ber administrasjonen kome attende med oppdatert årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2016, grunna møtekollisjon på datoane 24. februar 2016 og 31. august 2016.

Sak 044/15 Status Prosjekt Verksemdsstyring

Oppsummering

Fase 2 av prosjekt for verksemdstyring i SAV er godt i gang gjennom ni delprosjekt som fokuserer på kvart sitt tema/område. Arbeidet i prosjektet omfattar både modellering av nye prosessar, så vel som strukturering og korrigerering av arbeidet som vart starta i fase 1. Prosjektet er tidkrevjande både for nøkkelpersonar i administrasjon og leiing, og for apotekmedarbeidarane som skal dokumentere opplæring og etterleving av prosessane og bidra til utvikling av system og praksis gjennom å melde forslag til forbetring. God styring av implementering krev ny funksjonalitet i systemet, og SAV tek med dette ein risiko for at dei andre føretaka ikkje vil sjå behov for tilpassingane med deling av tilhøyrande kostnader. Modning av prosesstankegang og –styring tek lang tid og vil truleg vere gjenstand for kontinuerleg arbeid i fleire år framover før organisasjonen har satt seg.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek status for prosjekt verksemdstyring til orientering.

Sak 045/15 Eventuelt**Oppsummering**

Ingen sakar blei meld under eventuelt.

Skriv og meldingar og eventuelt

Ingen skriv og meldingar var vedlagt innkallinga eller bli dela ut i møtet.

LUKKA DEL**Sak 046/15 Verksemdsrapport per august 2015****Oppsummering**

Rapport frå verksemda blei gjennomgått og kommentert .

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per august 2015 til etterretning.

Styret ber om statusrapport på vedteken tiltaksplan for å oppnå resultatkrav for 2015 i neste møte.

Styret seier seg nøgd med positiv utvikling i sjukefråvær.

Sak 047/15 Rekruttering av ny administrerande direktør**Oppsummering**

Det vart onsdag 23.05.15 kjend at Styret i Helse Vest Innkjøp HF har tilsett Jannicke Daae Tønjum som administrerande direktør. Styret i Sjukehusapoteka Vest tek saka til etterretning og diskuterte i styremøte 29.09 plan for rekruttering av ny administrerande direktør i SAV, og konstituering inntil fast tilsetting føreligg.

Vedtak (samrøystes)

Styret gir styreleder fullmakt til å inngå avtale om konstituering av administrerande direktør frå 1. november 2015 inntil fast tilsetting føreligg.

Etter grundig gjennomgang/ diskusjon stiller styre seg bak foreslått prosess for erstatning av administrerande direktør, som går over som administrerande direktør i Helse Vest Innkjøp HF.

Prosessen handterast av eit tilsettingsutval med følgjande samansetning : Styrets leiar, nestleiar og eit styremedlem vald av dei tilsette. Helse Vest RHF sin HR-direktør blir utvalets sekretær.

Ref. Berit Berntsen

29.09.2015

Maria Borch Helsengreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem